

Mattegrublerier 1-16

[Last ned Mattegrublerier 1-16](#)

1

For å opne ein safe treng du eit tresifra tal sett saman av forskjellige siffer.

Kor mange forskjellige kombinasjonar kan du lage berre ved å bruke siffera 1, 3 og 5?


a) 2 b) 3 c) 4 d) 5 e) 6

2

Du har fire brikkar som denne:



Du legg brikkene inntil kvarandre. Kva for eit av følgjande mønster er det umogleg å lage?



3

Kor mange siffer må du minimum plukke bort frå talet



for å få eit tal som er det same enten du les det frå venstre mot høgre eller frå høgre mot venstre?

a) 1 b) 2 c) 3 d) 4 e) 5

4

Jonas gongar med 3, Petter legg til 2, og Niklas trekkjer frå 1.

Dei startar med talet 3. I kva rekkjefølgje må dette gjerast for at svaret skal bli 14?

a) Jonas

Petter

Niklas

b) Petter

Jonas

Niklas

c) Jonas

Niklas

Petter

d) Niklas

Jonas

Petter

e) Petter

Niklas

Jonas

5

Bildet viser ei vektstong som er i balanse.

Vi ser her bort frå vekta av sjølve opphenget.

Total vekt av alle figurar som heng på, er 112 gram.




Kor mykje veg stjerna?

a) 6 gram b) 7 gram c) 12 gram d) 16 gram e) 20 gram

6

Ei elv passerer punktet A. Etter som ho renn, deler ho seg i to elveløp. I det eine elveløpet går $\frac{1}{3}$ av vatnet, mens resten går i det andre elveløpet. Seinare deler ho seg på nytt slik at $\frac{3}{4}$ av vatnet går til høgre og resten i det venstre løpet mot B. Sjå bildet under.



Kor stor del av vatnet som passerer A, renn ut i elveløpet ved punktet B?

a) 1/4 b) 2/3 c) 11/12 d) 1/6 e) 1/2

Publisert 22. apr. 2025

Last ned  | Del 

Meldinger ved utskriftstidspunkt 25. april 2025, kl. 15.43 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.